

Planprogram (vedteke i kommunestyret xx.yy.zzzz)

«Heilskapleg plan for oppvekst – med fokus på førebyggjande arbeid, samhandling og folkehelse 2026 - 2036»

Innleiing

Bykle Kommune har gjennom arbeidet med vedtatt planstrategi vedteke å utarbeide ein heilskapleg plan for oppvekst. Planen skal ha fokus på førebyggjande arbeid, samhandling og folkehelse. Planen skal være sektorovergripande og fungere som eit **strategisk styringsverktøy** for å sikre gode og trygge oppvekstvilkår for alle barn og unge.

Planen skal ivareta barnevernlovgivinga sitt krav til førebyggjande plan.

Bakgrunn og formål

Kommunestyret vedtok 28. august 2025 Planstrategi for Bykle kommune for perioden 2025 – 2028. Planstrategien er basert på Kommuneplanen sin samfunnsdel vedtatt 15. oktober 2024.

Kommuneplanen sin samfunnsdel er kommunen sitt overordna plandokument. Samfunnsdelen visar prioriterte satsingsområde og strategiar som gjeld alle tenestene.

I Planstrategien står det at det skal utarbeidast ein «Heilskapleg plan for Oppvekst – inkludert folkehelsestrategi», med oppstart i 2025.

Heilskapleg plan for oppvekst skal utarbeidast som ein tematisk kommunedelplan etter plan- og bygningslova § 11-1.

Formelt grunnlag

[Kommuneplan sin samfunnsdel](#)

[Planstrategi Bykle kommune 2025-2029](#)

[Plan- og bygningslova kap. 11](#)

[Barnevernslova § 15-1](#)

[Lov om endringer i velferdstjenestelovgivningen](#)

[Folkehelselova](#)

[Opplæringslova](#)

[Barnehagelova](#)

[Helse- og omsorgstenestelova](#)

[Kulturlova](#)

[Grunnlova § 104](#)

[Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging](#)

Planavgrensing

Kommunedelplanen skal vere overordna og rettleie utviklinga av oppvekst i Bykle kommune. Planen skal ikkje detaljregulere tenestene då dette vert handsama i verksemds- og utviklingsplanar.

Det vil bli utforma ein eigen plan (kommunedelplan eller temaplan) for Kultur og fritid, med oppstart av planprosess i 2026

Definisjonar

Oppvekst

Oppvekst viser til heile perioden der barn og unge blir vakse og utviklar seg — både fysisk, psykisk, sosialt og kulturelt — i samspel med familie, skule, fritid og nærmiljø. Det handlar ikkje berre om biologisk vekst, men om korleis dei sosiale, kulturelle og miljømessige strukturane rundt barnet formar moglegheiter, ressursar og livsbanar. Dette omfattar tilhøve i heim, barnehage, skole, fritid og nabolag.

I denne planen avgrensar vi oppvekst til å gjelde perioden frå unnfanging til fylte 18 år.

Førebygging

Førebygging er tiltak og strategiar som har til hensikt å hindre at negative tilstandar — som sjukdom, skade, psykiske vanskar eller sosiale problem — oppstår, eller å stanse ei uønskt utvikling.

Samhandling

Samhandling er koordinerte aktivitetar og prosessar der ulike aktørar — på tvers av fag, sektorar eller nivå — engasjerer seg og forpliktar seg mot eit felles mål, og der slutningar og handlingar blir teke i fellesskap og med gjensidig ansvar. Det krev god kommunikasjon, rolleavklaring, deling av informasjon, tillit og evne til å sjå heilskaplege forløp.

Folkehelse

Folkehelse (og folkehelsearbeid) handlar om heile befolkninga sin helsetilstand — både den gjennomsnittlege helsa og korleis helse fordelar seg — og om samfunnet sin innsats for å påverka forhold som direkte eller indirekte fremjar helse og trivsel, førebygger sjukdom, skade eller liding, og som bidrar til jamnare helsedeling mellom grupper.

Plantema

- Førebygging - Risiko- og beskyttelses faktorar - Predikasjon
- Samhandling – Kart - Ansvar/mynde
- Medverknad og medverkande praksis
- Folkehelse
- Fysisk miljø – planavdelinga/planer – arealdel
- Innovative og robuste tenester - kompetanse
- Tenestene;
 - Helse (lege, helsesjukepleiarar, psykisk helse og familiestøtte (PHF), ergo- og fysioterapi, SLT koordinator)
 - Kultur og Fritid (kjem og eigen plan)
 - Barnehage
 - Skule

Organisering:

- Styringsgruppe: Kommunalsjefar + Kommuneoverlege + Agder Fylkeskommune v/Vegard Nilsen
- Prosjekteigar: Kommunedirektør
- Prosjektleder: Kommunalsjef Oppvekst og kultur
- Arbeidsgruppe: Tenesteleiarar for Barnehagane, Bykle BUS, Fjellgardane skule, Kultur og fritid, Helse og Barnevern og leiar av Brynje prosjektet
- Referansegruppe: Fagpersonar og parter planen gjeld; Ungdomsråd, SU skoler og barnehagar, FAU skoler og barnehagar, fagforeiningar, frivilligsentralen, barn- og unge sin representant i plansaker, statsforvaltaren, NAV, legar, helsesjukepleiarar, ergo- og fysioterapi, PHF. Gruppa kan utvidast.
- Skrivegruppe: Kjetil Vik, Vidar Mortensen, Gisle Bonna Espedalen. Gruppa kan utvidast.

Framdrift /planprosess

Fase	Tidsrom	Aktivitet
Oppstart og varsling	Oktober 2025	Varsel om oppstart av planprosess og høyring av planprogram
Høyringsperiode	November/desember 2025	Høyringsfrist 19. desember 2025
Vedtak av planprogram	Januar 2026	Politisk handsaming
Planarbeid	Januar – juni 2026	Medverking Utredning Planutkast (vedtak – sende på høyring)
Offentleg ettersyn	August 2026 – Oktober 2026	Høyring av planutkast
Vedtak av plan	November 2026	Endeleg handsaming i kommunestyret

Planarbeid januar - juni 2026:

Prosessleiar; Prosjektleder i samarbeid med leiar for Brynje prosjektet

Milepelsplan

- Januar: Utsending av informasjon
Etablering av formelle grupper
- Februar: Politisk verkstad med kommunestyret
Møte i Referansegruppa
Presentasjonsmøter (kommunestyret som vertskap)
Arbeid i befolkninga og/eller i interessegrupper
- Mai: Svarfrist innspel
Møte i Referansegruppa
Ferdigstille planutkast
- Juni: Politisk handsaming av planutkast – sende på høyring

Medverknad

Medverknad i planprosessen skal sikre at Bykle kommune får rett plan for seg. Ein plan som byggjer på lokale behov, er godt forankra både politisk og administrativt, og gjev legitimitet i befolkinga.

Planen skal spegle røynslene og forventningane til innbyggjarar, tilsette, organisasjonar og politisk nivå, og samstundes vere i tråd med regionale og nasjonale føringar.

Det er samtidig viktig å legge opp til en medverknadsprosess som er praktisk mogleg å gjennomføre.

Det vert lagt opp til ein brei og strukturert prosess med fleire arenaer for deltaking:

- **Arbeidsgruppa:** Sikrar fagleg kvalitet og at planen kan fylgjast
- **Referansegruppa:** Fangar opp innspel frå barn, unge, foreldre, frivillige, fagmiljø og samarbeidspartnarar
- **Politisk verkstad:** Gjev kommunestyret tidleg eigarskap og felles forståing for utfordringsbilete og handlingsrom.
- **Temakveldar:** Skaper open dialog mellom innbyggjarar, frivillige og kommunen om sentrale tema
- **Høyringar:** Gjev alle høve til å kome med skriftlege innspel og kvalitetssikre planen
- **Formelle organ (SU, FAU, råd, utval og funksjonar):** Sikrar legitimitet og deltaking frå viktige grupper i samfunnet